



Saksmappe: 2020/273
Sakshandsamar: SLS
Dato: 28.09.2023

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
82/23	Plan, miljø- og ressursutvalet	03.10.2023

Behandling av uttalar etter 1. gongs høyring av kommuneplanen sin arealdel

Kommunedirektøren si innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 82/2023 i møte den 03.10.2023:

Handsaming:

Innstilling frå styringsgruppa:

1. *Styringsgruppa for KPA tilrår at innspelet om å take med forslag om Endurobane i komande KPA blir imøtekommen. Dette inneber at KPA må leggjast ut på ny høyring. Som konsekvens av dette tilrår Styringsgruppa at ny styringsgruppe og PMR - utval vurderer om det er aktuelt å samstundes take inn fleire tema i ny høyring. Aktuell tematikk vil kunne vere å sjå på moglegheitene for å avsetje meir areal i kategorien «LNF – spreidd» i ny KPA.*
2. *Innspel 214 pkt 3 og innspel 222 pkt 3 går vidare til mekling. Seint innkome innspel om tilbakeføring av område til LNF for eigedom 30/2 på Haugemonen, blir innarbeidd i planforslaget.*

PMR slutta seg samrøystes over forslaget til styringsgruppa

Vedtak:

1. Styringsgruppa for KPA tilrår at innspelet om å take med forslag om Endurobane i komande KPA blir imøtekommen. Dette inneber at KPA må leggjast ut på ny høyring. Som konsekvens av dette tilrår Styringsgruppa at ny styringsgruppe og PMR - utval vurderer om det er aktuelt å samstundes take inn fleire tema i ny høyring. Aktuell tematikk vil kunne vere å sjå på moglegheitene for å avsetje meir areal i kategorien «LNF – spreidd» i ny KPA
2. Innspel 214 pkt 3 og innspel 222 pkt 3 går vidare til mekling. Seint innkome innspel om tilbakeføring av område til LNF for eigedom 30/2 på Haugemonen, blir innarbeidd i planforslaget.

SAKSUTGREIING

Saksvedlegg

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

Bakgrunn for saka

Forslag til kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 vart lagt til offentleg høyring og ettersyn i perioden 07.07 -12.09.23. Det vart gitt utsett høyringsfrist til fire høyringsinstansar med siste frist 28.09.23. Det kom inn 19 uttalar. Agder fylkeskommune fremma motsegn til seks område og Statsforvaltaren i Agder fremma motsegn til fire område. Fire av motsegnene er samanfallande for dei to mynda.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova §§ 5-2 og 5-4.

Vurderingar og konsekvensar

Styringsgruppa gjekk gjennom høyringsuttalane i møte 25.09.2023. Tabell 1 syner ei samanstilling av alle uttalane med styringsgruppa sine vurderingar. Styringsgruppa ønska å gjere ei vurdering av uttale 171 i dei respektive medlemsgruppene. Det manglar difor vurdering av denne. Konklusjonen her vil påverke vidare behandling av kommuneplanen sin arealdel.

Tabell 1: Høringsuttalar med styringsgruppa sine vurderingar i møte 25.09.2023

JP	Innspel	Styringsgruppa for KPA si vurdering
171	Bygland IL motorsport gbnr. 35/2	
1	Enduro-område på Nesmoen – kommentarar til konklusjonen i KU.	Partia gjer ei vurdering i medlemsmøte. Konklusjon 3. oktober i ekstra PMR.
189	Kristin Straume	
1	Legge til rette for store tomter (>3 mål) – dyrke eigen mat/beredskap.	Fokus på eigenberedskap er viktig, og romslege tomter kan vere eit ønskje frå tilflyttarar. Dersom kommunen ved ein seinare revisjon vil ha LNF spreidd bustad som tema, så vil dette vere eit godt innspel i det arbeidet. Arealrekneskapen syner ein antatt planreserve for bustadområde på 432 daa. Det er mogleg å legge til rette for større tomter i desse areala.

Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.		
192	Gunnar Harstad gbnr. 1/7	
1	Område til kjernekraftverk. Innspel om nytt arealformål.	Energikommisjonen leverte sin NOU (Mer av alt – raskere) 2. februar i år. Fleirtalet i kommisjonen tilrår ei auke i fornybar kraftproduksjon frå vasskraft, vindkraft, havvind og solkraft. Det er 40 kommunar i Noreg som har danna ei interesseforeining for kjernekraft. Det er formelt mogleg å etablere kjernekraftverk i Noreg, men det er ikkje utvikla detaljert regelverk for kommersielle kjernekraftverk. Kjernekraft er ikkje fornybar energi, men er ofte sett på som svært rein grunna låge CO2-utslepp. Styringsgruppa vel å ikkje ta inn nye byggeområde i planen. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.
193	Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR)	
1	Ingen spesielle merknadar til planforslaget.	-
2	Oppmoding om å prioritere Sti- og løypeplanen.	Blir følgt opp av administrasjonen.
194	Gro Tove Sandnes gbnr. 32/4	
1	Nytt arealformål 4-6 bustader langs fjorden.	Sandnes har eit flott kulturlandskap som er viktig å ta i vare. Området som er foreslått til bustader langs fjorden, ligg tett opp til dyrka mark. Dersom kommunen ved ein seinare revisjon vil ha LNF spreidd bustad som tema, så vil dette vere naturleg å sjå på Sandnes i det arbeidet. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.
2	Nytt arealformål fritidsbustader ved gamle Vikli.	Styringsgruppa vel å ikkje ta inn nye byggeområde i planen. Initiativet er positivt, og kan eventuelt bli vurdert gjennom ein dispensasjonssøknad. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.
3	Endre foreslått bustadområde nord for Sandnes (KU98) til kombinert bustad/ fritidsbustad.	Behalde området som bustadområde grunna mogleg konflikt mellom fritidsbustad/bustad. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.
195	Margit Løyland	
1	Forslag om å flytte bustadområde nord for Årdal kyrkje til oversida av område avsett til utviding av kyrkjegarden grunna flaumfare og nærleik til rv9.	Bustadområdet nord for Årdal kyrkje ligg i flaumutsett område. Det er krav i planføresegnene om at nødvendige sikringstiltak mot flaum skal vere gjennomført før utbygging av området. Detaljregulering vil ta i vare nærleik til rv9 og gode butilhøve. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.
2	Krysset rv9/Hovstadvegen er uoversikleg og dårlege parkeringstilhøve for Årdal kyrkje.	Ei utbetring av krysset og parkeringstilhøva er eit godt innspel. Det vil vere på eit meir detaljert nivå enn på kommuneplannivå, og i samarbeid med Statens vegvesen og Agder fylkeskommune. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.
196	Direktoratet for mineralforvaltning	
1	Mineralressursar manglar i KU, manglar behovsvurdering av masseuttaka og vurdering av eigna plassering.	Blir følgt opp av administrasjonen.

202	Geir Skjevra	
1	Solcellekraft på vestheia -kommentar til at områda vart tatt ut og til pol. behandling.	Styringsgruppa ønskjer ikkje å ta inn att formålsområdet grunna at prosjektet er lagt til eit INON-område, og at det ikkje er ønska utvikling i Bygland kommune. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.
207	Mattilsynet	
1	Vurdere drikkevassforsyninga som kritisk infrastruktur.	Blir følgt opp av administrasjonen.
2	Fjerne tiltaka som kan ha konsekvensar for forsyninga av drikkevatt, alternativt innarbeide konkrete omsynssoneføresegner som sikrar at omsyn til drikkevatt blir ivaretatt dersom tiltaka blir gjennomført.	Blir følgt opp av administrasjonen.
206	Torbjørn Haugen gbnr. 31/1, 31/16, 31/18	
1	Ønskjer vidareføring av fritidsbustadområde frå gjeldande plan.	Blir følgt opp av administrasjonen.
205	Tarald Simonstad Kvaale gbnr. 46/5	
1	Nytt bustadområde på ca. 20 daa, med moglegheit for å skilje ut fleire tomter.	Styringsgruppa vel å ikkje ta inn nye byggeområde i planen. Initiativet er positivt, og kan eventuelt bli vurdert gjennom ein dispensasjonssøknad.
212	Reiårsvatn velforeining v. Helge Forsdal	
1	Tydeleggjing av når kommuneplanen gjeld framfor reguleringsplanen sine føresegner.	Blir følgt opp av administrasjonen.
2	Ønskje om tydeleggjing av byggegrense for bygde og regulerte område.	Blir følgt opp av administrasjonen.
211	Statens vegvesen	
1	Nesmoen NÆ04 og NÆ06 – rekkefølgekrav om g/s-veg.	Styringsgruppa ønskjer ikkje legge inn rekkefølgekrav om g/s-veg for NÆ04 og NÆ06.
2	Vektlegging på 50 m byggegrense for næringsområda NÆ04 og NÆ06 for å sikre trafikktryggleiken.	Blir følgt opp av administrasjonen.
209	Torhild Austad m. fleire	
1	Planomtale – endre kap.4 til <u>Natur</u> , klima og miljø.	Kapittelinndelinga i planomtala speglar dei tre gjennomgåande perspektiva i samfunnsdelen der klima og miljø er det eine perspektivet. Samfunnsdelen skal ligge til grunn for utarbeiding av arealdelen. Det har vore ei målsetting å kople dei to delane av kommuneplanen godt saman gjennom tematikk og bruk av omgrep. Vi meiner perspektivet klima og miljø tar godt i vare natur i arealdelen. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.
210	Nei til vindkraft i Setesdal	

1	Syner til planomtalen sitt kap. 5.1 og at det i føresegnene er opna opp for etablering av vindturbinar på bakken i bustadområde.	Bruke omgrepet gardsmølle i staden for vindturbin i planomtala pkt. 5.1 og i føresegna pkt. 3.1.1.1 b).
2	Manglande opning for andre energikjelder enn vatn, vind og sol.	Det er dei tre energikjeldene vind, vatn og sol som er mest brukt til småskala energiproduksjon. Innspelet blir ikkje tatt inn i planforslaget.
213 Villreinnemnda for Setesdalsområdet		
1	Retningslinene bør vere meir utfyllande og spesifikke slik dei er i Heiplanen.	Positive til å la føresegnene vere som dei er. Blir følgt opp av administrasjonen.
2	Anbefaler at arbeidet med sti- og løypeplanen blir gitt stor prioritet.	Blir følgt opp av administrasjonen.
214 Agder fylkeskommune (fylkeskommunedirektøren si innstilling)		
Motsegn til seks område: (1-5) Omsyn til vern av dyrka mark (6) Omsyn til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging		
1	Vassend B04 (69/344 og 69/345)	Ønskjer å behalde området vidare med grunngjeving i sak 11/390 <i>Søknad om deling av eigedom gbnr. 69/116</i> . Går vidare til mekling.
2	Sandnes B03 (32/4)	Ønskjer å ha med området vidare. Behalde formål bustadområde for å unngå konflikt bustad/fritidsbustad. Går vidare til mekling.
3	Frøysnes B05 (18/7 og 18/10)	Ta området ut av planen i samsvar med motsegn frå Statsforvaltaren i Agder og Agder fylkeskommune. Motsegna blir tatt til følgje.
4	Austadneset KBA01 (13/5)	Ønskjer å ha med området vidare. Oppmoding om å sjå på rekneskap for dyrka mark eventuelt korleis det kan vere ein del av utviklinga av området. Går vidare til mekling.
5	Bø NÆ02 (66/2)	Ønskjer å behalde formålsområdet, men kan sjå på storleiken. Oppmoding om dialog med grunneigar om ev. avgrensing av området. Oppmoding om å vurdere kravet om reguleringsplan. Går vidare til mekling.
6	Grendi B01 (58/1 og 58/5)	Ønskjer å legge til rette for nyetableringar i Grendi. Dersom kommunen ved ein seinare revisjon vil ha LNF spreidd bustad som tema, så vil dette vere naturleg å sjå på Grendi i det arbeidet. Går vidare til mekling.
Faglege råd:		
7	Vurdere formål til byggeområda B07 og NÆ05 (69/3) pga. avstand til sentrum og uheldig kombinasjon bustad- og næringsområde.	Ta ut bustadområde B07 grunna mogleg konflikt med næringsområde. Området blir tilbakeført til LNF-formål. Fokus på bustadutvikling nærmare sentrum.
8	Vurdere å fjerne plankrav for små byggeområde med mindre tiltak.	Styringsgruppa er positiv til at administrasjonen vurderer dette. Blir følgt opp av administrasjonen.

9	Sjekke byggeområde som manglar i plankartet.	Blir følgd opp av administrasjonen.
10	Vurdere små bustadområde til LNF spreidd bustad.	Endring av formål til LNF spreidd bustad blir ikkje prioritert i denne omgang.
11	Utvide føreseigna med føringar for viktige interesser som dyrka mark, barn og unge sine interesser, interesser langs vassdrag og friluftinteresser for framtidige byggeområde.	Blir følgd opp av administrasjonen.
Merknadar til føresegnene:		
12	<u>Forvaltning vatn</u> – manglande vurdering av arealinnspele etter §12 i vassforskrifta	Blir følgd opp av administrasjonen.
13	<u>Barn og unge sine interesser</u> – uheldig kombinasjon i KBA03 (36/5 og 36/29).	Inngå i reguleringsarbeid for Bygland sentrum. Viktig å ta i vare dei mjuke trafikantane. Formålsområdet ligg som det er i planen.
14	<u>Klimaendring og klimatilpassing</u> – vurdere utbyggingsområde med naturfare.	Blir følgd opp av administrasjonen.
15	<u>Friluftsliv og rekreasjon</u> – oppfølging av dette i sti- og løypeplanen. - kombinasjon skytebane og klatreområde; støykonflikt.	Blir følgd opp av administrasjonen.
16	<u>Villrein</u> – innarbeide retningslinene frå Heiplanen i føreseigna.	Positive til å la føresegnene vere som dei er. Blir følgd opp av administrasjonen.
17	<u>Innlandsfiske/fysiske tiltak i vassdrag</u> – påminning om at fysiske tiltak i vassdrag må bli avklart etter ulike særlovverk.	Blir følgd opp av administrasjonen.
18	<u>Kulturmiljø</u> - Manglande omsynssoner for regionale og nasjonale viktige kulturmiljø.	Stasjonsområdet blir sett på i planarbeidet for Bfjord. Ikkje legge på omsynssone nå sidan det planarbeidet er i gang. Legge på omsynssone for kyrkjene og kapella, Hagen og Longerak kraftstasjon.
Merknadar til føresegnene:		
19	Pkt. 2.7.2 b) - tydeleggjering	Blir følgd opp av administrasjonen.
20	Pkt. 4.2.2 b) – takast ut	Blir følgd opp av administrasjonen.
220	NVE	
1	Flaumfare – manglande føresegner til aktsemdsområde, krysstilvising.	Blir følgd opp av administrasjonen.
2	Skredfare – nummer på aktsemdsone, krysstilvising, endre ordbruk i pkt. 4.1.2 c)	Blir følgd opp av administrasjonen.
3	Omsynssone skred – nye aktsemdkart	Blir følgd opp av administrasjonen.
4	Temakart er ikkje juridisk bindande.	Blir følgd opp av administrasjonen.
5	Verna vassdrag – vise til dei verna vassdraga si nettside der vernegrunnlag er omtala.	Blir følgd opp av administrasjonen.

6	Faresone for høgspenning – legge inn avstandskrav i føresegnene.	Blir følgt opp av administrasjonen.
222	Statsforvaltaren i Agder	
	Motsegn til fire område: (1-4) Omsyn til vern av dyrka mark	
1	Vassend B04 (69/344 og 69/345)	Ønskjer å behalde området vidare med grunnngjeving i sak 11/390 <i>Søknad om deling av eigedom gbnr. 69/116.</i> Går vidare til mekling.
2	Sandnes B03 (32/4)	Ønskjer å ha med området vidare. Behalde formål bustadområde for å unngå konflikt bustad/fritidsbustad. Går vidare til mekling.
3	Frøysnes B05 (18/7 og 18/10)	Ta området ut av planen i samsvar med motsegn frå Statsforvaltaren i Agder og Agder fylkeskommune. Motsegna blir tatt til følgje.
4	Austadneset KBA01 (13/5)	Ønskjer å ha med området vidare. Oppmoding om å sjå på rekneskap for dyrka mark eventuelt korleis det kan vere ein del av utviklinga av området. Går vidare til mekling.
	Tematiske innspel:	
5	<u>Vassførekomst</u> og <u>vassforskrifta</u> - manglande vurdering av §12 i vassforskrifta i KU for enkelte område avsett til vasskraft og råstoffutvinning.	Blir følgt opp av administrasjonen.
6	<u>Heiplanen</u> - retningslinene bør vere meir utfyllande og spesifikke slik dei er i Heiplanen.	Positive til å la føresegnene vere som dei er. Blir følgt opp av administrasjonen.
7	<u>Beredskap og ROS</u> - manglande heilskapleg ROS-analyse	Innarbeider ikkje dette i plandokumentet i denne omgang.
	Styringsgruppa sitt eige innspel til planføresegnene:	
	Legge inn krav om påbegynt detaljregulering av nye byggeområde innan 4 år som generell føresegn. Administrasjonen finn rett plassering i føresegna.	

Saksopplysningar

Denne saka er ikkje ei sluttbehandling av kommuneplanen sin arealdel 2023-2035, men PMR sin vurdering og konklusjon med omsyn til høyringsuttalane. PMR sine vurderingar og konklusjon avgjer vidare behandling av kommuneplanen sin arealdel.

Habilitet

Grunna nær relasjon til avsendar av uttale 202 og prosjektdeltakar i uttale 171, har ikkje prosjektleiar deltatt i diskusjonar eller vurderingar knytt til dei to uttalane.

Kjell Øyvind Berg er del av prosjektgruppa for kommuneplanen sin arealdel. Han er grunneigar på Frøysnes, og har ikkje deltatt i diskusjonar eller vurderingar av område Frøysnes B05.

Bygland, **28.09.2023**

Kommunedirektør